

Arkivsaksnr: 2014/482-0

Saksbehandler: Linn Myrvold

Dato: 14.04.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen	17/2015	27.04.2015

## Geiranger-Herdalen landskapsvernområde- Mandat for Fagleg rådgjevande Utval

### ***Formål og retningslinjer for fagleg rådgjevande utval for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.***

- Hovudformålet med utvalet er å sikre samhandling mellom forvaltningsmyndigheita og alle aktørar som representerer ulike brukarinteresser i verneområdet.
- Etablere samarbeid og rutinar som sikrar ein heilskapleg forvaltning og likebehandling i heile området.
- Fagleg rådgjevande utval skal fungere som ein støttegruppe for nasjonalparkforvaltar/nasjonalparkstyret.

### **Retningslinjer, oppgaver og rutinar:**

- Fagleg rådgjevande utval skal sikre godt samarbeid mellom nasjonalparkstyret og partar med interesser i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Eit bredt utval av dei interessene som blir påverka skal være representert i utvalet.
- Utvalet skal ikkje handtere enkeltsakar, men kunne gje råd om overordna strategiar.
- Utvalet skal bidra med lokal kunnskap og komme med innspel om og drøfte saker knytt til forvaltning, bruk og utvikling i verneområda i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, Hyskjet Naturreservat og Kallskaret Naturreservat, (f.eks i saker som gjelder forvaltningsplanen, skjøtselsplan, bestillingsdialog).

### **Samansetning av utvalet:**

- Styret inviterer ulike organ til å representere det fagleg rådgjevande utvalet, jf. Punkt for Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. De valte organa som inviteras oppnemner 1 representant kvar til utvalet. Representantane som blir oppnemnt skal velje seg ein vararepresentant som kallas inn dersom hovudrepresentanten melder fråfall.

### **Praktiske forhold:**

- Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er vert for møtet.
- Det skal haldast minimum eit årleg møte i god tid før bestillingsdialogen, eller om heilt spesielle sakar bør drøftas.

- Møtet skal forhandsvarslas minst 1 måned før avvikling.
- Innspeil til dagsorden må sendas til sekretariatet for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde seinast tre veker før møtet.
- I tillegg til valte representantar kan Administrativt kontaktutval og SNO delta på møtet.
- Etter møteavvikling skal alle organ få tilsendt referat frå møtet.
- Nasjonalparkstyret dekker reiseutgifter for møtorepresentantane i samsvar med statens satsar.